

Styremøte 1/2019 - Bruksstyret i Hallen - 26.11.2019

Til stades: Gunn Marit Haugsbø, Anne Marit Rygg, Øystein Ullaland, Siss-May Edvardsen

Fråver: Håkon Myrvang

Sak	Tema	Drøfting	Vedtak
1/2019	Trimgruppa ynskjer å fjerne skyvedør v/step. Ynskje om lys og hyller	Møtelyden er positive til desse tiltaka, men kan ikkje fatte beslutning.	Siss-May sender forslag til kommunen for godkjenning.
2/2019	Vi hadde Ryddedugnad i hallen 19.sept. og 26.sept. Vi ynskjer å etablere vegg i nytt lager for å få betre orden.		
3/2019	Innkjøp av bord til hallen?		Skulen har bord for utleige. Vi ser på ei ordning slik at det kan verte enklare å leige bord til hallen.
4/2019	Utleigesituasjonen Vi har ikkje full utleige av hallen ettermiddagar denne sesongen. Fotballgruppa ynskjer i utgangspunktet å endre treningstider i hallen til jan-mars grunna pris	Naustdalshallen kostar 120 kr sal/time for interne grupper, Gaularhallen kostar til samanlikning kr 70 sal/time for interne grupper. Vi ynskjer å ligge på same pris som andre hallar vi kan samanlikne oss med.	Skilnaden vert synleggjort når vi sender skriv til nye Sunnfjord kommune i høve drift av hall/bane.

	Anne-Marit orienterer om søknad om midler til Utstyr i Naustdalshallen, herunder nye innspel frå Allidretten mop innebandykøller, snappe-halar og erteposar (sjå vedlegg 1)		Bruksstyret tek 50% av kostnadane med innkjøp av erteposar og snappe-halar, skulen tek den andre halvparten. Innebandykøller vart ikkje vurdert.
5/2019	Vask etter stemner osb.	Vask er ikkje ein del av husleiga ved arrangement. Det er eigne krav til vask av toalett/garderobe, så dette må leigast etter arrangement.	Ved arrangement lyt ein ta kontakt med Toril Savland og avtale vask.
Saker som kjem til	Førespurnad frå elevbedrift om å låne Naustdalshallen ei helg (gratis).		Bruksstyret er positive til å låne ut hallen, men vi ynskjer at elevbedrifta skal leggje fram budsjett for arrangementet. Budsjettet må synleggjere alle kostnader med arrangementet (leige av hall, straum, nett, vask/rydding osb).

Vedlegg 1

Re: Snappe hale og erteposer

22. november 2019 13.00 27 KB

Fra:

Eigil Instebø

Til:

Turid Gjesdal

Kopi:

Edvardsen Siss-May, styret@tambarskjelvar.no, Gunn Marit Birgitte Haugsbø

Eg tenkte på varenummer 214515, den inkluderer \times og \div i tillegg til dei andre symbola $+-=$. \times og \div kan vere kjekt å ha, sjølv om den pakken har litt lenger leveringstid. Dei kan sikkert ettersendast. <https://www.klubben.no/klubben/214515/erteposer-matematikksett--aktiv-læring-tall-og-symboler>

Bestill gjerne pakken med 142 bokstavar og 100 tall i ulik farge, rød og blå, så det er lettare å ha kontroll på dei.

Eigil Instebø

fre. 22. nov. 2019, 12:47 skrev Turid Gjesdal <Turid.Gjesdal@naustdal.kommune.no>:

Hei. Eg bestiller følgjande hos Klubben Sport;

- 1 sett med 142 erteposar med bokstavar
- 1 sett med 100 erteposar med tall

- 4 sett med snappe haler, dei som er festa med bårrelås på reim rundt livet s

samt

-4 sett erteposar med tal og symbol à kr. 499,00 pr sett med varenr. 1343205 (Eigil: det var dei du meinte sant?).

Siss May: skulen betalar, eg vidarefakturerer Tambar IL sin del.....deler vi 50/50?

Med venleg helsing

Turid Gjesdal

konsulent

Naustdal barne- og ungdomsskule

e-post: turid.gjesdal@naustdal.kommune.no-

tlf: 57 81 63 00

Innebandykøller

7. november 2019 20.28 3,8 MB

Fra:

Eigil Instebø

Til:

Edvardsen Siss-May, styret@tambarskjelvar.no

Hei. Då vi pakka ut utstyret oppdaga eg at der var levert fleire sett av ei innebandykøllelengde enn det som i utgangspunktet var tenkt frå mi side. Tanken var å bestille eit innebandysett tilpassa vaksne folk. Dette har nok vore ein missforståing med leverandør, og vi er fakturert for dei setta som er komt. Eg har vore i kontakt med dei, og vi får levert tilbake og kreditert sett om vi ønsker, og kan bestille nye køller i rett lengde. Desse lenger køllene er av betre kvalitet enn dei som vi har fått som er meint å brukast av ungar i skulealder. Dermed er også prisen på dei lenger køllene litt dyrare, eitt sett med 12 køller kostar mellom 4-5.000kr inkl mva. Vi har avtale om at vi skal kjøpe meir utstyr av denne leverandøren etter nyttår for å kunne søke stønad gjennom Gjensidigestiftinga.

Er det interessant å kjøpe inn eit sett som er tilpassa stor ungdom og vaksne folk?

Eg har lagt eitt sett til sides på det låste rommet i påvente av svar frå dykk.

Mvh Eigil Instebø

Re: Innebandykøller

15. november 2019 09.53 11 KB

Fra:

Eigil Instebø

Til:

Edvardsen Siss-May, styret@tambarskjelvar.no

Eg har tenkt litt på desse køllene.

Ser at Biltema har innebandykøller i same lengde, og til ein annan pris (279kr stk) mot dei vi har fått tilbud på 12stk for ca 5000kr. Kvaliteten på Biltema sine er nok truleg ikkje like god som dei frå Tress som er IFF godkjent (internasjonale innebandyforbundet). Men eg tenker at til det bruk dei er meint i hallen burde Biltema sine vere gode nok. Veit fleire som brukar dei i privat trening. Ei innebandykølle på ca 100cm er meint å brukast for personar med kroppshøgd 165-180cm, så då kan elevar i ungdomskulen og utvoksne kvinner og menn bruke dei utan å måtte bøye seg unødig i ryggen.. Tenker at 12 køller i ca 100cm lengde vil vere fornuftig!

Vi får kredidert dei andre som er avbilda i mailen over (dei ligg på det låste lageret); viss vi returnerer dei og betalar porto på frakta. Alternativt kan ein behalde desse køllene også. Kreditnotaen blir då på ca 850kr, men ein må jo betale porto på dei også..

Dåkke får ta ei vurdering kva som skal gjerast her.

Med vennleg helsing

Eigil Instebø